



---

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/206 - 16/8700

Saksbehandlar:

Øyvind Oddekalv

oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

02.05.2016

## Til deg som fyller 16 eller 17 år i 2016

Måndag 23. mai er det rådgjevande folkerøysting i Meland kommune. Alle røysteføre innbyggjarar kan uttale seg om Meland skal byggje ny kommune saman med Lindås, Radøy og ev. fleire kommunar i Nordhordland, eller om Meland skal halde fram som eigen kommune. Stemmerettsalderen i Noreg er vanlegvis 18 år, dette gjeld ved stortings-, fylkestings- og kommuneval.

Politikarane i Meland synes framtidias kommunestruktur er ei svært viktig sak, og ønskjer at flest mogleg skal få seie si meining om dette. Det er DE som er unge som skal leve lengst med den avgjerda som kommunepolitikarane skal fatte i denne saka. **Derfor vedtok kommunestyret på møtet i februar at også DU som er fødd i 1999 eller 2000 skal få stemme i denne saka.**

Vi som er politikarar i Meland kommune ønskjer at valdeltakinga i den rådgjevande folkerøystinga skal vere så høg som mogleg. Dess fleire som stemmer, dess sterkare vil rådet vere. Då vil kommunestyret ha eit godt grunnlag for å fatte eit vedtak i saka 22. juni 2016.

**Derfor håper vi at DU vil gjere deg opp ei meining om denne saka og nytte røysteretten din måndag 23. mai.** Det er og høve til å førhandsrøyste, og på heimesida til kommunen, [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no), finn du praktisk informasjon om folkerøystinga.

Godt val!

Beste helsing

Øyvind Oddekalv

Ordfører

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

---